



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 16.11.2021
Tid: Kl. 09:00 - 13:00

Følgjande medlemmer møtte **Parti**


Turid Strand	
Doris Christensen	Kinn AP
Anett Berg	Kinn H
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Leif Magne Gil	Kinn AP		
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H	Ingvar Torsvik Myrvollen	Kinn H

Anett Berg
Medlem

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
055/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
056/21	Godkjenning av møteprotokoll
057/21	Refererte skriv og meldingar
005/21	Orienteringar til Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021
058/21	Lokal foreskrift om politivedtekter i Kinn kommune
059/21	Overtaking av skyteanlegget på Grovastøylen
060/21	Økonomiplan og handlingsprogram 2022 - 2025, innspel frå hovudutvala og Eldrerådet
061/21	Prioritering av spelemiddelsøknadar 2022
062/21	Informasjon om vidare arbeid med forskriftssak om skulestruktur i Kinn kommune
063/21	Årlig aktivitetskalender for store kulturarrangement.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/48248
Sakshandsamar: Dagny-Ann Gangeskar
Dato: 10.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

SV-v/Ingunn Frøyen ber om ei plan for når møtene skal gjennomførast fysiske og når det skal vere synfaring på institusjonar.

SP-v/Torgunn Eikevik reagerer på sein utsending av tilleggsinnkallingar.

Godkjenning av sakliste:


V-v/Edvard Iversen etterlyser ei sak som er sendt inn som ikkje er komt på sakskartet. Saka vil kome opp i slutten av møtet.

Votering:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes godkjent.

OPKUV- 055/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent, med dei tilføyningane som er komt fram.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/48249
Sakshandsamar: Dagny-Ann Gangeskar
Dato: 10.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Ingen merknad.


Votering:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes godkjent.

OPKUV- 056/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/48250
Sakshandsamar: Dagny-Ann Gangeskar
Dato: 10.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
057/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021

Refererte skriv og meldingar

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

039/21, Referat frå møte i Samarbeidsutvalget 2. november 2021

040/21, Referat frå møte i FAU Skavøypoll skule 30.09.2021

041/21, Referat frå møte i FAU 8. september 2021

042/21, Referat Elevrådsmøte 30. august 2021

043/21, Eikefjord grendalag - Svar på søknad LivOGLyst-programmet

044/21, Eikefjord grendalag - Liv og lystprogrammet

045/21, Nyskapande aktivitetsanlegg

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Ingen merknad.


Votering:

Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

OPKUV- 057/21 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Meldingane vert tatt til etterretning som dei ligg føre.



Saksnr.	Utval	Møtedato
005/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021

Orienteringar til Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Tenesteleiar for Kinn helsestasjon, Kari Liseth orienterte om:

- Organisering og oppgåver til Kinn helsestasjon

Leiar for Kinn barnevern, Lene Eikefjord orienterte om:

- Organisering og oppgåver til Kinn barnevern

Leiar for PPT, Haldis Myklebust Førde orienterte om:

- Organisering og oppgåver til Kinn PPT

V- v/Edvard Iversen ber om ein eigen dag for orienteringar frå dei ulike tenestane i forkant av busjetthandsamingane for neste år.

Arealplanleggar, Marianne Grytten orienterte om:

- Reguleringsprosessen for gymsalen ved Florø barneskule


Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte om:

- Matservering i barnehagane

OPKUV- 005/21 Vedtak:

Ingen votering.

Orienteringane er tatt til vitande.



Kinn kommune

Arkiv: FA-X39
JournalpostID: 21/41754
Sakshandsamar: Dagny-Ann Gangeskar
Dato: 29.09.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
150/21	Kommunestyret	18.11.2021
048/21	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	16.11.2021
058/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021

Lokal foreskrift om politivedtekter i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag om «Lokal foreskrift om politivedtekter i Kinn kommune» vert vedteken som dei ligg føre.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Forslag fra AP og R, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti
Det ønskes ikke et forbud mot tigging i Kinn kommune. Vi ber om at § 2-4 blir strøket.

Tilleggsforslag frå AP og R falt mot fem stemmer, H-v/Anett Berg, Ingvar T. Myrvollen, V-v/Edvard Iversen, SP-v/Fredrik Egeberg og Torgunn Eikevik.

Voting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot tre stemmer, (AP-v/Doris Christensen, R-v/Hege Brandsøy og SV-v/Ingunn Frøyen).

OPKUV- 058/21 Vedtak:

Forslag om «Lokal foreskrift om politivedtekter i Kinn kommune» vert vedteken som dei ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Etter kommunesamanslåinga er det naudsynt med eigne vedtekter for Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Innhaldsmessig er forslaget til ny politivedtekt ein vidareføring av dagens vedtekter, med små endringar. Forslag til lokal forskrift om politivedtekter i Kinn kommune er utarbeida av politirådet i Kinn.

Politivedtekter Flora kommune: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2015-04-13-358?q=politivedtekter%20flora>

Politivedtekter Vågsøy kommune: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2019-10-14-1365?q=politivedtekter%20v%C3%A5gs%C3%B8y>

Vurderingar:

Forslaget om «Lokal foreskrift for politivedtekter i Kinn kommune» vart lagt ut til offentlig høyring på Kinn kommune sine heimesider og annonsert i Fjordenes Tidende og Firdaposten, 27.09.2021.

Høyringsfristen var sett til 15.10.2021

Det er kome inn to høyringssvar innan fristen. Høyringsuttalane ligg i vedlegg til saka.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Forslaget til ny politivedtekt er i samsvar med normalpolitivedtektene jf. rundskriv frå Politidirektoratet RPOD-2018-2


[https://www.politiet.no/globalassets/05-om-oss/04-om-oss/normalpolitivedtekt--rundskriv-2018-02.pdf? t_id=OFH7T1bJhDI2uBXdpvG1Uw==& t_uuid=OJenIJ2QSAeis2kYSskzIw& t q=normalpolitivedtekter& t tags=language:no,siteid:b78013b9-3a34-4dad-8a4f-cc70168f7f39,andquerymatch& t hit.id=Politiet Web Models Media GenericMedia/ c15f61f4-1a5a-45ad-8f85-d7582955fddd& t hit.pos=1](https://www.politiet.no/globalassets/05-om-oss/04-om-oss/normalpolitivedtekt--rundskriv-2018-02.pdf?t_id=OFH7T1bJhDI2uBXdpvG1Uw==&t_uuid=OJenIJ2QSAeis2kYSskzIw&t_q=normalpolitivedtekter&t_tags=language:no,siteid:b78013b9-3a34-4dad-8a4f-cc70168f7f39,andquerymatch&t_hit.id=Politiet_Web_Models_Media_GenericMedia/c15f61f4-1a5a-45ad-8f85-d7582955fddd&t_hit.pos=1)

Vedlegg i saken:

Lokal foreskrift om Politidvedtekter i Kinn kommune - 09.06.2021

Høyringsuttale - Politivedtekter Kinn kommune

Høyringsuttale - Politivedtekter Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
059/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Overtaking av skyteanlegget på Grovastøylen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Kinn kommune overtek anlegget Grovastøylen lokalisert til Gnr:83 Bnr.: 12 og 13 frå den 01.01.2022, jamfør vedlagt kjøpekontrakt.
- Utestående gjeld på kroner 6 700 000 vert Kinn kommune sitt vederlag for eigedomen.
- Selskapet Grovastøylen AS med organisasjonsnummer 994 306 618 vert vidareført med dagens aksjonærar med tilhøyrande aksjeandelar.
- Justerte vedtekter datert 09.11.2021 vert godkjent av Kinn kommune.
- Aksjonæravtale datert 09.11.2021 vert godkjent av Kinn kommune.
- Kinn kommune set vekk drifta av anlegget til Grovastøylen AS, jamfør vedlagt leigekontrakt.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Kulturleiar Odd Gunnar Myhre og rekneskapssjef Norvall Bakke orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

OPKUV- 059/21 Vedtak:

- Kinn kommune overtek anlegget Grovastøylen lokalisert til Gnr:83 Bnr.: 12 og 13 frå den 01.01.2022, jamfør vedlagt kjøpekontrakt.
- Utestående gjeld på kroner 6 700 000 vert Kinn kommune sitt vederlag for eigedomen.
- Selskapet Grovastøylen AS med organisasjonsnummer 994 306 618 vert vidareført med dagens aksjonærar med tilhøyrande aksjeandelar.
- Justerte vedtekter datert 09.11.2021 vert godkjent av Kinn kommune.
- Aksjonæravtale datert 09.11.2021 vert godkjent av Kinn kommune.
- Kinn kommune set vekk drifta av anlegget til Grovastøylen AS, jamfør vedlagt leigekontrakt.

Bakgrunn for saka:

Grovastøylen AS har teke kontakt med Kinn kommune med bakgrunn i at selskapet har utfordring med å betale lånegjeld til Kinn kommune på kr 7.200.000. Det er ønskje om å finne ei løysing i dialog med Kinn kommune og dei andre aksjeeigarar.

Saksopplysningar:

I 2009 vart det og gjort vedtak om at tidlegare Flora kommune skulle gå inn som medeigar i Grovastøylen AS. Flora kommune stilte eigedomen gnr 83 bnr 12 og 13 til disposisjon for selskapet. Selskapet vart stifta med bakgrunn i politisk vedtak om å flytte skyteaktiviteten til Grovastøylen då den gamle skytebana i Florø sentrum skulle avviklast. Den gamle skytebana som var sentrumsnær skapte ein del utfordringar.

Selskapet Grovastøylen AS vart stifta i 2009 med følgjande organisasjonar som aksjonærar; Flora kommune, Florø skyttarlag, Brandsøy skyttarlag, Flora jeger og fiskerforening. I 2012 kom Eikefjord skyttarlag til, og i 2016 kom Florø pistolklubb med.

Anlegget består av fleire anlegg for skyting samt vegnett, klubbhus/forsamlingslokale og ein del mindre bygg/lager/standplassar.

Grovastøylen As har signalisert at dei kan betale ned inntil kr 1.200.000 av uteståande gjeld. Med bakgrunn i å sikre eigenkapital i driftsselskapet er det i saka forutsett av selskapet betaler ned kr 500.000 før overtaking.

Vurderingar:

Skyteaktiviteten står sterkt i området og det er mange som nyttar tilbodet. I hovudsak er der vaksne medlemmar med det er og ein del born og unge. Det er viktig å legge til rette for ulike aktivitetstilbod i kommunen. Dersom ein må avvikle anlegget så kan det få konsekvensar for tilbakebetaling av spelemidlar.

Alternativet til å halde fram som det er no er at kommunen tek over anlegget mot å ettergjje gjelda/delar av gjelda til selskapet. Resten av saksutgreiinga basarar seg på denne løysninga.

Administrasjonen har hatt dialog med Grovastøylen AS i prosessen med saksførebuinga og i dialog med dei utarbeidd eit forslag til kjøpsavtale, aksjonæravtale og leigekontrakt. Det står att nokre mindre justeringar på avtalene men ein er einige om hovudtrekka. Utkast til avtaler ligg som vedlegg til saka.

Hovudprinsippet er at kommunen skal stå som eigar av anlegget medan Grovastøylen AS skal drifte anlegget. Kjøpskontrakta seier noko om kva som er rekna som fast utstyr og kva som skyttarlaga eiger sjølve. I leigeavtalen er lista opp ansvaret som ligg til leigetakar. Mellom anna skal leigetakar dekke alle kostnader som følgje drift og vedlikehald på eigedomen.

Økonomiske konsekvensar:

Gjelda er pr 30.06.2021 på kroner 7.200.000. Grovastøylen As betaler ned 500.000 kroner med sin oppsparte eigenkapital før overtaking. Uteståande gjeld på kroner 6.700.000 vert Kinn kommune sitt vederlag for eigedomen. I Kinn kommune vil ikkje

denne transaksjonen gje resultatverknad i rekneskapen då bortføringa av lånet blir ei rein balanseføring mot kapitalkonto. Kostnader Kinn kommune har med kjøpet i form av dokumentavgift, tilstandsrapport mv finansierast av innbetalinga frå Grovastøylen AS på kr 500.000.

I driftsselskapet Grovastøylen AS skal inntekter frå medlemmer og aktivitet skapt på anlegget finansiere drifta. Kommunen vil krevje ei leige på anlegget på 100 000 kroner årleg som vert juster i henhold til konsumprisindeksen.

I avtala er det lagt inn eit punkt om at 40% av inntektene skal låsast av på eit fond for å i kome i møte eventuelle framtidige krav om opprydding på anlegget. Resten av inntektene er tenkt som kompensasjon for å følgje opp avtala og administrasjon kring dette.

Kommunen vil teikne straumavtale og forsikringsavtale for eigedomen, som vert fakturert vidare til Grovastøylen AS.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

[Lov om aksjeselskaper \(aksjeloven\)](#)

Vedlegg i saken:


Utkast til reviderte vedtekter

Utkast til revidert aksjonæravtale

Leiekontrakt

Kjøpekontrakt

211108 Protokoll styremøte Grovastøylen AS



Kinn kommune

Arkiv: FE-151, FE-100, FE-190
JournalpostID: 21/48244
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre Larsen
Dato: 10.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
050/21	Helse-, sosial og omsorgsutvalet	16.11.2021
060/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021
051/21	Administrasjonsutvalet	17.11.2021
046/21	Kinn eldreråd	15.11.2021

Økonomiplan og handlingsprogram 2022 - 2025, innspel frå hovudutvala og Eldrerådet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Helse-, sosial- og omsorgsutvalet har følgjande innspel til Formannskapet:

Oppvekstutvalet har følgjande innspel til Formannskapet:

Administrasjonsutvalet har følgjande innspel til Formannskapet:

Kinn eldreråd 15.11.2021:

Handsaming:

Orientering v/ kommunalsjef helse og velferd Norunn Stavø.

Orientering om investeringsprosjekt v/ kommunalsjef samfunn, kultur og miljø Rolf Bjarne Sund.

Røysting:

Samrøystes vedtatt.

KIEL- 046/21 Vedtak:

Eldrerådet har følgjande innspel til økonomiplan og handlingsprogram 2022-2025: kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er svært stramt, også når det gjeld pleie- og omsorgstenestene. Slik har det vert i fleire år i gamle Flora og Vågsøy kommune. Dette har ført til store budsjettoverskridinga kvart einaste år. Dette er svært uheldig for tenestene, aller mest for dei pleietrengande, men også for dei tilsette.

Kinn eldreråd ber kommunestyret om å auke budsjetttrammene til pleie og omsorgstenestene.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Innstilling frå Kinn eldreråd, foreslått av ,

Eldrerådet har følgjande innspel til økonomiplan og handlingsprogram 2022-2025:

kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett er svært stramt, også når det gjeld pleie-

og omsorgstenestene. Slik har det vært i flere år i gamle Flora og Vågsøy kommune. Dette har ført til store budsjettoverskridinga kvart einaste år. Dette er svært uheldig for tenestene, aller mest for dei pleietrengande, men også for dei tilsette.

Kinn eldreråd ber kommunestyret om å auke budsjetttrammene til pleie og omsorgstenestene.

Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Ingen votering.

OPKUV- 060/21 Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet tar orienteringa til vitande.

Bakgrunn

for

saka:

Budsjett og økonomiplan 2022-2025 vert gått gjennom i utvalsmøta. Utvala vil der gje sine innspel som går vidare til Formannskapet.


Kommunedirektøren sitt framlegg til handlingsprogram og økonomiplan for 2022-2025 finn ein her:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar



Saksnr.	Utval	Møtedato
061/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021

Prioritering av spelemiddelsøknadar 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prioritering av spelemidler i Kinn kommune for 2022 blir prioroitert slik det går fram av saka og vedlagt prioriterignsliste.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Spillemidler, foreslått av Hege Chatrine Brandsøy, Kinn Rødt
Foreslår å endre prioriteringslista for ordinære anlegg. Flytte nordfjordbadet og fotballhall nederst.

Rådgjevar for idrett og friluftsliv, Kjetil Høidal orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot tre røyster, (R-v/Hege Brandsøy, SP-v/Torgunn Eikevik og Fredrik Egeberg).

OPKUV- 061/21 Vedtak:

Prioritering av spelemidler i Kinn kommune for 2022 blir prioroitert slik det går fram av saka og vedlagt prioriterignsliste.

Bakgrunn for saka:

Alle søknader om spelemidler skal sendast til kommunen før dei vert sendt vidare til fylkeskommunen. Kommunen skal kvalitetssikre søknadane og sende dei i prioritert rekkefølge innan 15 januar.

Handlingsprogram for ordinære anlegg og handlingsprogram for nærmiljøanlegg kan rullerast kvart år. Programma syner kommunen si prioritering av utbygging av anlegg innan idrett og friluftsliv i perioden 2022. Kinn kommune skal også vedta ei prioritert liste over spelemiddelsøknadar kvart år. Til saman dannar handlingsprogramma og prioritert liste grunnlaget for fylkeskommunen sin fordeling av spelemidler.

Saka blir lagt fram for Oppvekst- og kulturutvalet som har fullmakt til å prioritere søknadane frå kommunen.

Saksopplysningar:

Søknadsfristen for å sende inn søknader til kommunen var sett til 15 oktober. Ordninga er gjort kjend gjennom heimeside, Facebook og annonse i lokalavisa. Det er i år 31 søknader:

10 prosjekt i kategorien ordinære anlegg

9 prosjekt i kategorien nærmiljøanlegg

Det er to interkommunale anlegg: fotballhallen og badeanlegg i Måløy

Dei fleste anlegga er prosjekt i kommunal regi.

Ikkje alle søknadane er komplette men administrasjonen vil arbeide saman med søkjarane for å prøve å få dei i orden før dei skal sendast inn til fylkeskommunen. Fristen for å sende dei frå kommunen til fylkeskommunen er den 15.01.2022.

Nokre prosjekt vil krevje at det vert oppretta investeringsprosjekt som må bli godkjent i kommunen før eventuell oppstart.

Søknader som ikkje er i orden innan fristen vil vi ikkje kunne sende vidare. Søknadane som ikkje vert godkjent vert teken ut av lista og dei andre rykkje opp på prioriteringslista. Nokre av søknadane er avhengig av kommunal støtte for å bli finansiert.

Spelemiddelsøknadane skal prioriterast i to ulike grupper, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Etter at den kommunale fristen gjekk ut, vart det invitert til eit møte 11. november med Kinn idrettsråd for å få innspel til prioritering av søknader. Idrettsrådet slutta seg til prioriteringane slik dei ligg.

Vurderingar:

Listene under syner innkomne spelemiddelsøknader for 2022. Prioriteringa er avklart med i Kinn idrettsråd på møtet 11. november. Listene er basert på gjeldande prinsipp nedfelt i handlingsprogramma. Døme på denne prioriteringa er:

- Mangfald av idrettsanlegg – store anlegg plassert i nærleik til andre offentlege bygg
- Nærmiljøanlegg skal legge til rett for aktivitet på tvers av kjønn, alder og aktivitet.
 - Nærmiljøanlegg knytt til skular og andre eksisterande anlegg skal prioriterast
- Nærmiljøanlegg knytt til skular og andre eksisterande anlegg skal prioriterast
- Sentrumsnære grøne lunger vert sikra og nærfriluftslivet prioritert med tanke på merking og gradering

Sti til dagsturhytte på Kletten og på Fløgen har ikkje løyvingar i budsjett og blir sendt inn dersom det kjem løyving.

Økonomiske konsekvensar:

Forskotering av midlar fører til renteutgifter for kommunen. Forskoteringar i vedlegga er innarbeid i budsjettprosessen og er i henhold til økonomireglementet.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Kinn må i løpet av valperioden gjennomføre planarbeid innan mange fagfelt. Samfunnsdelen er den overordna strategiske planen for Kinn, der vi gir retning for utvikling av Kinnsamfunnet framover. Samfunnsdelen skal gje klare langsiktige mål innanfor satsingsområda som er peika ut på grunnlag av utfordringar og moglegheiter. I planstrategiperioden skal det utarbeidast ei «temaplan for kultur, idrett og friluftsliv» som skal vere ferdig i 2022. I perioden fram til vedtak på temaplanen vil dei gamle planane for Vågsøy og Florø samt samfunnsdelen til Kinn kommune danne grunnlaget for prioriteringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein styringsreiskap, som saman med handlingsprogrammet skal sikre målretta utbygging av anlegg. Vi har tre handlingsprogram; handlingsprogram for ordinære anlegg, handlingsprogram for nærmiljøanlegg og eit uprioritert langtidsprogram. Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, gir anlegg for idrett og fysisk aktivitet rett til å søke tilskotsordninga til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemidlar). Det uprioriterte langtidsprogrammet viser behov for utbygging av anlegg i eit tiårs perspektiv.

Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, samt langtidsprogrammet er knytt opp mot målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Kvart år kan kommunen rullere handlingsprogramma. Det betyr at anlegg som er tildelt spelemidlar skal takast ut av programmet, og søknadsbeløp og forventa søknadsår oppdaterast.

I reviderte retningslinjer om kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (frå nov.2015), står det; "Rullering kan innebære endringer i prioriteringar, og anlegg fra planens langsiktige del kan overføres til handlingsprogrammet. Rullering av handlingsprogrammet skal gjennomføres med medvirkning av aktuelle brukergrupper og politisk vedtak." Vidare står det under punkt 5.5 om revisjon av planen; "Revisjon skal normalt gjennomføres en gang i hver planperiode. Når det oppstår behov for å gjøre vesentlige endringer av planen, skal dette behandles på samme måte som revisjon av planen (for eksempel at helt nye større anlegg, eller anlegg som ikke er i samsvar med planens målsettinger, tas inn.)"


Lenkje til [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2019](#)

For nokre av prosjekta blir tildelinga styrt av fylkeskommunen sin regionalplan.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane ved KS, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane idrettskrins, Forum for natur og friluftsliv og Funksjonshemma sin fellesorganisasjon. Planen skal være eit arbeidsverktøy for alle involverte partar for å fremje fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Sogn og Fjordane. Avdeling for kultur, idrett og inkludering i nye Vestland fylkeskommune tek sikte på å realisere dei politiske måla som er vedtekne i dei regionale kulturplanane i begge fylke.

Vedlegg i saken:

Oppdatert prioritert liste spelemidelsøknader 2022



Saksnr.	Utval	Møtedato
062/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021
155/21	Kommunestyret	18.11.2021

Informasjon om vidare arbeid med forskriftssak om skulestruktur i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre sluttar seg til kommunedirektøren sin framdriftsplan for å fastsette framtidig skulestruktur og opptaksområde for skulane i Kinn kommune.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Representantane peikar på sein utsending og for kort tid til å sette seg inn i saka. Kommunalsjef Runa Nybakk orienterte og svarte på spørsmål.

Votering:

Med leiar si dobbelstemme vart kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt mot fire røyster, (SV-v/Ingunn Frøyen, R-v/Hege Brandsøy og SP-v/Torgnn Eikevik og Fredrik Egeberg).

OPKUV- 062/21 Vedtak:

Kinn kommunestyre sluttar seg til kommunedirektøren sin framdriftsplan for å fastsette framtidig skulestruktur og opptaksområde for skulane i Kinn kommune.

Bakgrunn for saka:

I handlingsprogram og økonomiplan for 2021-2024 gjorde Kinn kommune følgjane vedtak:

Strukturendring i skule, Stavang og Steinhovden. Stavang og Steinhovden skule skal vere del av handsaminga av skulebruksplan/forskrift om opptaksområde vinteren/våren 2021. Ev. konsekvensar av slik handsaming vert å komme attende til i revidert budsjett 2021. Avgjerdsle knytt til Stavang og Steinhovden må difor vere fatta innan utgangen av februar 2021.

Sak om Forskrift for opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden vart handsama i Oppvekst og kulturutvalet 13.04.2021 (sak 23/21) og Kinn kommunestyre 29.04.2021 (sak 45/21).

Kommunestyre gjorde slikt vedtak i sak 45/21:

1. Kommunestyre legg til grunn at flytting av elevar frå Solheim skule skjer etter

initiativ, og i samråd med foreldre. Med heimel i Opplæringslova § 8-1 vert difor forskrift om opptaksområde skule endra slik at Solheim skule ert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde.

2. Opptaksområda for skulane i Stavang og Steinhovden vert handsama i samband med skulebruksplanen, men ikkje seinare enn i oktober 2021.
3. Forskrift om opptaksområde for skulane Stavang og Steinhovden vert ikkje endra no.
4. Vidare drift av Stavang barnehage vil frå hausten 2022 avgjerast av tal barn i barnehagen, jfr. § 14 i vedtekter for barnehagane i Kinn kommune.
5. Kommunestyre legg til grunn at skulebruksplanen sine vedtekne prinsipp for reisetid også gjeld elevane i noverande Solheim skulekrins.

Saksopplysningar:

Kommunedirektøren har varsla at arbeidet med forskriftssaka knytt til skulestruktur for skulane i Kinn kommune, ligg etter den tidsplanen som går fram av vedtaket i sak 45/21.

I komunedirektøren sitt utkast til handlingsprogram og økonomiplan 2022-2025, er det gjort slikt framlegg til vedtak om forskrift for opptaksområde for skulane i Kinn kommune:

Det vert lagt opp til ein prosess som legg til rette for vedtak om forskrift for opptaksområde for skulane i Kinn kommune innan 1. mars 2022. Etter handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet vert forskrifta å legge på høyring før årskiftet. Høyringstida vert sett til fire veker. Kommunestyret føreset at kommunedirektøren legg opp til ein prosess med medverknad i høyringstida. Ei vurdering av nærskuleretten og bornet sitt beste skal vere del av saksutgreiinga.

Det vert lagt opp til slik framdriftsplan i arbeidet framover:

Framdriftsplan	2021	2022
Sak om framdrift til OK-utval og kommunestyre	veke 46	
Dialogmøte med foreldre/FAU på skulane	veke 47 og 48	
Arbeidsgruppe utarbeider utkast til ulike alternativ for opptaksområde	veke 47-48-49-50	
Sak om forskrift om opptaksområde/skulestruktur til handsaming i ekstra møte i OK-utval (15. ev. 16. desember 2021) Høyringsperiode (17. desember -21 til 31. januar -22)		veke 50 veke 50 (-21) til veke 5 (-22)
Høyringsfrist 31. januar 2022		veke 5
Sak til OK-utval 1. mars		veke 9
Sak til kommunestyret 17. mars		veke 11

Vurderingar:

Når arbeidet nå startar opp er det viktig å få til gode prosessar og ivareta medverknad frå dei involverte partane; barn, foreldre og tilsette. Det er planlagt å gjennomføre dialogmøte for å få gode innspel til løysingar, før alternativ til forskrift om

opptaksområde for skulane i Kinn vert sendt på høyring.

Høyringsperioden vert utvida til 6 veker, då jule- og nyttårshøgtida er i høyringsperioden. Det vert også planlagt prosessar for medverknad i høyringsperioden. Framdrifta elles er i samsvar med framlegg til samordna møteplan 2022, som skal handsamast i Kinn kommunestyre 18.11.2021.

Det er lagt opp til ein stram framdriftsplan, men vi meiner at den let seg realisere.



Saksnr.	Utval	Møtedato
063/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.11.2021

Årlig aktivitetskalender for store kulturarrangement.

Kulturkontoret kaller inn til møte med de største aktørene. Aktørene skal så tidlig som mulig melde fra til kulturkontoret om arrangementet vil bli avlyst.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.11.2021:

Handsaming:

Kulturleiar Odd Gunnar Myhre tok i mot oppmodinga og vil kome tilbake med mulige løysingar.

Oppvekst- og kulturutvalet ber om at kulturleiar kallar inn dei aktuelle aktørane i starten av året for å skaffe seg ei oversikt over aktuelle helgar som er under planlegging.

Votering:

V-v/Edvard Iversen sitt framlegg til vedtak samrøsytes vedtatt.

OPKUV- 063/21 Vedtak:

Kulturkontoret kaller inn til møte med de største aktørene. Aktørene skal så tidlig som mulig melde fra til kulturkontoret om arrangementet vil bli avlyst.

På vegne av flere som driver med forholdsvis store og kostnadskrevende kultur arrangement i gamle Vågsøy, ber vi om at kulturkontoret ved kalender årets start setter opp en arrangementskalender. Formålet er at kommunen ikke planlegger og dobbelbooker samme dag og helg.

Med store arrangement menes:

1. **Nyttårskonsert med Torskangerpoll Musikklag**
2. **Dansegalla med Måløy Musikklag**
3. **Heim i haust**
4. **Høstkonsert ved Måløy Musikklag**

Alle disse aktørene fortjener og få disponere helgen selv, med svært inntektsbringende tiltak som går til drift. De tilfører kulturen glede og inspirasjons både for arrangør og publikum. Kommunen bidrar ikke med økonomisk støtte til noen, da skal heller ikke kommunen konkurrere.